

Nytt frå ATS

Gravstell

ATS tilbyr stell av graver på kyrkjegardane i Luster. Gravstellgruppa plantar stemor/fiolar frå om lag midten til slutten av mai (avhengig av temperatur og snøforhold), sommarblomar frå om lag midten av juni fram til månadsskiftet juni-juli, og lyng i løpet av september.

Dei har tilsyn med alle gravene jamleg; vatnar, klipper gras og lukar etter behov, frå planting av vårblomar i mai til lyngen er planta i september. I 2025 har dei ansvar for omlag 75 graver på 10 av kyrkjegardane kommunen.

Du kan finna meir informasjon frå ATS og arbeidet dei utfører på Luster kommune si heimeside: www.luster.kommune.no/ats

Bilete frå arbeidet på kyrkjegardane



Opning av nybygget ved ATS

12. juni var det invitert til opning av nybygget ved ATS. Dette bygget er steg 1 i ein større utviklings- og utbyggingsplan, og inneheld nye lokale til vaskeri og tekstilarbeidsrom, møterom, treningsrom, fellesareal, garderobar og lager. Flytting av vaskeriet til det nye bygget opnar opp for å flytta og utvida kjøkkenet, opna opp og utvida kantina, samt byggja garderobar i dei tidlegare kjøkkenlokala.



Ordføraren opna nybygget med eit velretta sløyfekutt, og fekk hjelp av Eva Stein og Pål Sletten til å gjennomføra dette viktige innslaget.

Veret viste seg frå si beste side, og opninga starta med eit hyggeleg gjestebod i tunet og deretter følgde den høgtidlege offisielle opning ved inngangen til det nye vaskeriet. Ordførar Andreas Wollnick Wiese opna nybygget med eit velretta sløyfekutt, og erklærte bygget for offisielt opna.



ATS fekk to flotte måleri ved opninga. Desse kjem nok til å pryda veggjen i nybygget. Alle foto: Vadym Chupryna



Odd Atle Stegegjerdet, leiar ved ATS ønske velkomen til opninga og losa arrangementet trygt gjennom dagen.



Den offisielle opninga var open for alle. Etter at ordføraren hadde kuttet sløyfa var det tid for å ta det nye, flotte bygget i augnesyn.



Kommunalsjef John Olaf Røhme ønske til lukka med nybygget og rosa innsatsen som var lagt ned i planlegging og gjennomføring.



Om lag 50 personar, inviterte gjester og husets folk, hygga seg med god mat og underhaldning i det fine sommarveret.



Roland Schwarz, tidlegare leiar av Habiliteringstenesta ved Helse Førde helsa til forsamlinga og ønske til lukka med nybygget og utviklinga forøvrig ved senteret.



Marin Stallema Bakke avslutta samlinga saman med Arve B Røneid og Asbjørn Røneid med fengande flott dansespel. Dessverre innbyr ikkje nylagt asfalten til noko særleg dansglede.



Prosjektleiar Ole Martin Brennseter framførte si sjølvkomponerte vise til tonefølgje av Marin Stallema Bakke på fiolin. Denne visa meir enn antyda at det har kravd innsats utanom det vanlege å få prosjektet på plass.



Arne Øyen har følgd utviklinga ved ATS gjennom ein mannsalder som konsulent og planleggjar. Han hadde både artige og tankevekkjande refleksjonar å dela med forsamlinga.



Prosjektleiar Audun Torvaldsen ønske lukka til med det nye bygget.



Anne Karin Kvamsdal og Tor Stian England helsa til forsamlinga med godord om eigen arbeidsplass. «Ein god dag på jobben» er mottoet deira!

